

LLE 2022

I Strategisk plan 2020-2022 har LLE denne målsettinga:

Planlegge undervisning og studieprogrammer slik at undervisningen står i forhold til ressursene vi har

Målsettinga er følgt opp i mandatet til fagkoordinator slik:

Fagkoordinatoren skal fordele emneansvar og undervisningsoppgåver i miljøet ut frå dei ressursane som er tilgjengelege.

I utgangspunktet er dette enkle prinsipp. Om fagmiljøa skal kunne gjere dette, er det likevel ein absolutt føresetnad at dei i ein normalsituasjon har balanse mellom undervisningsressursar og undervisningstilbod. Dette er i varierende grad tilfellet fagmiljøa på LLE. Vi vil følge opp denne målsettinga. Målet er at det skal vere samsvar mellom undervisningsressursar og undervisningstilbod på LLE frå og med hausten 2022.

Vi har ikkje lov til å bruke midlertidig tilsette til å utføre oppgåver som er knytt til normal drift. Forskingsterminar er å rekne som normal drift. Bruk av vikarar er derimot lov i samband med sjukdom, permisjonar i samband med administrative verv, foreldrepermisjonar og anna som ikkje er knytt til den ordinære drifta. Bemanningsplanen er styrt etter prinsipp som blir vedtatt på fakultetet og som i hovudsak heng saman med gjennomføring på emne og programnivå («produksjon»). Dersom eit fagmiljø ikkje har samsvar mellom bemanning og undervisningstilbod, kan instituttet berre i avgrensede grad avhjelpe dette. Vi kan ikkje tilsette midlertidige for å gjere faste oppgåver. Vår måte å medverke til å skape ein god arbeidssituasjon er å medverke til god drift under dei gjeldande rammevilkåra på heile LLE.

Den største ressursen vi har på LLE er ein stab med høgkvalifiserte og motiverte forskarar og undervisarar. Det er dei tilsette i fagmiljøa som i sterkast grad kjenner sine vilkår. Fagmiljøa kan då påverke situasjonen hovudsakleg på desse to måtane:

1. Legge til rette for god gjennomføring for å trygge eksisterande bemanning og danne grunnlag for nyttilsettingar ut frå prinsippa i bemanningsplanen.
2. Utvikle undervisningstilbodet slik at det er samsvar mellom undervisningsressursar og undervisningstilbod.

Punkt 1. ovanfor vil ved god gjennomføring *på lang sikt* kunne danne grunnlag for nyttilsettingar.

Punkt 2. ovanfor vil få konsekvensar *på kort sikt*. Det er eit utgangspunkt at fagmiljøa må justere tilboda sine om dei blir tilført eller mistar stillingar.

I det vidare arbeidet må dei ulike miljøa (a) kartlegge kva ressursar som finst i fagmiljøet og (b) tilpasse tilbodet til dei samla ressursane.

Til (a): Her må ein ta utgangspunkt i undervisningsressursar som ligg i faste stillingar, midlertidige stillingar med undervisning og eventuelt toarstillingar. Ein må avklare i kva grad studentassistentar

skal reknast inn i miljøets samla ressursgrunnlag. Det er eit ønske å bruke studentassistentar, men det er ein føresetnad at finansieringa av studentassistentane må vere føreseieleg.

Til (b): Her må ein stipulere kva dei ulike tilboda kostar i timar ut frå eit prinsipp om faste og variable kostnader. Emneansvar er eit eksempel på faste kostnader, mens undervisning og rettleiing er eksempel på variable kostnader. Leiinga vil komme tilbake med prinsipp om korleis ein kan stipulere dette.

Det er store variasjonar mellom dei ulike fagmiljøa på LLE. Arbeidet med å tilpasse undervisningstilbodet til undervisningsressursane vil derfor skje under ulike vilkår. Ein kan også drøfte om ein bemanningsplan basert på prinsipp om gjennomføring og «produksjon» er eit hensiktsmessig grunnlag på breiddeuniversitetet UiB. Dette er eit politisk spørsmål som kan følgast opp i relevante organ. I drifta må vi tilpasse oss til dei prinsippa og føresetnadene som gjeld.

Nedanfor listar vi opp ulike tiltak og moglege konsekvensar av desse tiltaka. Fagmiljøa skal i høg grad sjølv ha mynde til å avgjere kva tiltak som passar best i deira emne og program.

Til UUI: Denne lista er førebels. Her er det mogleg å komme med innspel eller gjere bruk av andre læringsaktivitetar ut frå behova i dei ulike miljøa:

Tiltak	Konsekvens	Vilkår	Kommentar
Nedlegging av emne / program	Påverkar med ein gong ressursituasjonen i form av mindre undervisning. Nedlegging av emne / program kan lågare produksjon av studiepoeng.	Må godkjennast utanfor fagmiljøet.	Får innverknad på bemanningsplanen ut frå prinsipp om bemanning ut frå produksjon av studiepoeng.
Oppretting av emne / program.	Påverkar med ein gong ressursituasjonen i form av meir undervisning. Oppretting av emne / program kan gi høgare produksjon av studiepoeng.	Må godkjennast utanfor fagmiljøet.	Får innverknad på bemanningsplanen ut frå prinsipp om bemanning ut frå produksjon av studiepoeng.
Nedskjering av undervisningstilbod innanfor emne / program.	Påverkar med ein gong ressursituasjonen i form av mindre undervisning.	Kan bestemmast i fagmiljøet.	Kan få konsekvensar for opplevinga av studiekvalitet.
Oppjustering av undervisningstilbod innanfor emne / program.	Påverkar med ein gong ressursituasjonen i	Kan bestemmast i fagmiljøet.	Kan få konsekvensar for opplevinga av studiekvalitet.

	form av meir undervisning.		
Omdanning av undervisningstilbod innanfor emne / program.	Påverkar med ein gong ressursituasjonen i form av mindre eller meir undervisning.	Kan bestemmast i fagmiljøet.	Kan få konsekvensar for opplevinga av studiekvalitet.

Kva kan vi gjere?

Koronasituasjonen har vore krevkjande både for studentar og for tilsette. Samstundes har koronasituasjonen vist oss at vi også kan skape læring og legge til rette for gjennomføring på andre måtar enn gjennom tradisjonell undervisning. Vi ønsker å komme oss tilbake til ein normal kvardag så snart som mogleg, men vi ønsker også å bruke erfaringane frå det siste året på ein god måte. Dette er viktig for dei fagmiljøa som må undervise annleis enn i dag for å komme i balanse. Den tradisjonelle førelesinga står sterkt i humaniora og bør også i framtida ha ei heilt sentral rolle. Samstundes må vi vurdere om vi kan erstatte nokre av dei fysiske førelesingane med digitale førelesingar som kan brukast opp igjen. Brukt på den rette måten *kan* ferdig innspelte førelesingar for gjenbruk også framheve verdien av fysiske førelesingar som ferskvare. Dette er noko fagmiljøa sjølv må vurdere. Det viktigaste er å skape best mogleg vilkår for læring ut frå dei ressursane vi har. Ressursar handlar i denne samanhengen om tilgang på kompetanse og fagpersonar, tilgang på undervisningsressursar og timar, gjennomtenkt val av læringsaktivitetar og gjennomtenkt bruk av digitale tilbod. Ein forventar også at fagmiljøa bidrar til å utvikle sin eigen utdanningsfaglege kompetanse gjennom kontakt med til dømes læringslaben, program i universitetspedagogikk og andre interne og eksterne tilbod. Dei meritterte undervisarane på LLE og på fakultetet er også særlege ressurspersonar når det handlar om å utvikle og revidere emne og program innanfor definerte rammer.

Vi veit at studentaktiv undervisning også er læringsskapande undervisning. Dette er noko vi må gjere målretta bruk av, men det er ikkje gitt at dette er ei undervisningsform som vil medføre innsparing av ressursar. Nedanfor er det lista opp ei rad ulike undervisningsaktivitetar med kommentarar til desse. Desse undervisnings- og læringsaktivitetane er verktøykassa vår i den vidare utviklinga av emne og program på LLE. Vi har også ført opp vurderingsformer og bruk av studentassistentar på lista. Samarbeid med andre fagmiljø på LLE står også på lista.

Til UUI: Denne lista er førebels. Her er det mogleg å komme med innspel eller gjere bruk av andre læringsaktivitetar ut frå behova i dei ulike miljøa. Dette blir følgt opp i UUI-møte i juni.

Læringsaktivitet	Fordelar	Ressursmessige følger
Førelesing		
Seminar		
Digital førelesing for gjenbruk		
Omvend undervisning (flipped classroom)		

Gruppearbeid		
Prosjektarbeid		
Semesteroppgåve		
Øvingsoppgåver		
Digitale oppgåver, quiz og anna i Mitt UiB		
Vurderingsformer		
Samarbeid med andre fagmiljø		
Fagspesifikke tiltak		

Framdriftsplan med milepålar

Til UUI: Vi skal fylle ut ein fullstendig framdriftsplan med milepålar til UUI-møtet i juni. Det som står no, er meir generelle målsettingar og eit utkast til drøfting i UUI og i fagmiljøa. Kontakt med studentane er skrive inn i planen. Det er viktig med milestolpar og ein viss grad av rapportering til leiinga, men då først og fremst for å trygge at dei miljøa som treng innspel utanfrå, skal få dette på sine premissar. Slik kan miljøa sjølv be om innspel frå leiinga og eventuelt andre støttefunksjonar undervegs i arbeidet.

Frist	Målsetting	Kommentar
Våren 21	Førebuing i UUI og orientering i fagmiljøa.	
Hausten 21	Kartlegging av ressurs situasjonen i miljøa.	Leiinga bidrar med prinsipp og eventuelt verktøy for å stipulere bruk av undervisningsressursar.
Hausten 21	Drøfting av moglege tiltak ut frå situasjonen i dei ulike miljøa.	Arbeid internt i fagmiljøa.
Hausten 21	Innspel frå studentane.	Bør først og fremst gå gjennom fagmiljøa. Det er særleg viktig å innspel når det gjeld forslag til studentaktiv undervisning.
Februar 22	Gjennomgang av emneplanar.	Ein må trygge at formuleringar i emneplanar ikkje står i vegen for moglege tiltak.
Våren 22	Konkretisering av tiltak i ulike fag og emne.	

Våren 22	Utvikling av digitale tilbud.	<p>Dette arbeidet må skje over tid. Dei miljøa som vil gjere bruk av til dømes digitale førelesingar for gjenbruk, vil trenge tid for å utvikle desse tilboda. Her må vi også bruke støttefunksjonar på UiB.</p>
Våren 22	Dialogrunde med studentane.	<p>Bør først og fremst skje gjennom fagutval. Studentane skal få høve til å kommentere og komme med innspel til arbeidet.</p>
Hausten 22	Fagmiljøa skal ha balanse mellom undervisningsressursar og undervisningstilbod.	